



Arkivnr: 2015/557-1

Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet | | 11.02.2015 |
| Fylkesutvalet | | 19.02.2015 |

Snøggbåt Sunnhordland - fylkeskryssande ruter til Ølen/Utbjøa

Samandrag

Rogaland fylkeskommune har vedtatt å kutte sitt tilskott til snøggbåtrutene til Ølen/Utbjøa. Dette tilskottet, på kr 2,3 mill kr, har sidan 2003 vore med å oppretthalde rutetilbodet etter at Ølen kommune vart overført til Rogaland.

Passasjertal registrert av Norled viser at det totalt har vore 5 940 reisande på rutene til og frå Ølen/Utbjøa i 2014. Passasjertalet har gått ned med over 20% frå 2013 til 2014.

Rogaland sitt tilskott har lagt i botn for å sikre og oppretthalde dei fylkeskryssande snøggbåtrutene. Når dei no trekkjer tilskottet, kan fylkesrådmannen ikkje sjå grunnlag for å oppretthalde eit tilbod til Ølen/Utbjøa. Heller ikkje ein reduksjon i dagens tilbod kan forsvarast økonomisk.

Fylkesrådmannen rår til at anløpa til Ølen/Utbjøa vert lagt ned, med seinast verknad frå haustrutene 2015. Administrasjonen vurderer konsekvensar i høve kontraktsmessige forpliktingar og behov for eventuelle tilpassingar av rutetilbodet. Ut frå desse vurderingane vil ein ha grunnlag for å anslå dei budsjettmessige konsekvensane for inneverande år, samt framlegg til komande års budsjett.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek, som følgje av manglande medfinansiering frå Rogaland fylkeskommune, at dei fylkeskryssande snøggbåtrutene til Ølen/Utbjøa vert lagt ned. Seinast verknad frå haustrutene 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.01.2015

Denne saka omhandlar snøggbåtsambandet i Sunnhordland og finansiering av fylkeskryssande ruter til Ølen/Utbjoa etter at Rogaland fylkeskommune har vedteke å ta bort sitt tilskott til dette sambandet. Rogaland fylkeskommune gir med dette eit signal om at den fylkeskryssande snøggbåtruta ikkje har prioritet i det samla kollektivtilbodet i fylket.

I samband med at Ølen kommune vart overført til Rogaland, har Rogaland fylkeskommune sidan 2003 ytt tilskott på kr 2,3 mill til snøggbåtrutene til Ølen (ref. melding FUV-186/03). Rogaland si medfinansiering er lagt til grunn for Hordaland fylkeskommune sine budsjett og Skyss si planlegging av rutetilbodet i samband med nytt anbod frå 01.01.2014.

Rogaland har i budsjettet for 2015 gjort vedtak om å kutte finansieringa til drift av båtsambandet. Bortfall av Rogaland sin del av finansieringa vil få konsekvensar for Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2015, og tiltak må vurderast med omsyn til vidare drift av dei fylkeskryssande rutene.

Snøggbåtsambandet Ølen – Leirvik

Det er i dag 2 dagslege avgangar til og frå Ølen/Utbjoa-Leirvik, der morgenavgangen gir korrespondanse vidare til Bergen. Laurdag er det 1 avgang t/r, og søndag 1 avgang til Leirvik og 2 avgangar frå Leirvik, der den siste kveldsruta er gjennomgående frå Bergen. Turane har som regel også anløp på Fjellbergøy/Borgundøy og Skånevik.

I høve tidlegare ruteopplegg er det gjort mindre endringar i rutetilbodet frå 01.01.2014. Gjeldande rutetabell for Ølen/Utbjoa er vist under.

| Ruter frå 18.08. 2014 | Kvardagar | | | Laurdag | Sundag | |
|---|-----------|-------|--------|---------|--------|--------|
| Ølen | 05:10 | 14:10 | | 07:05 | | 15.05 |
| Utbjoa | 05.25 | 14:25 | | | | |
| Leirvik | 06:00* | 14:45 | | 07:50* | | 16:15* |
| *Korresponderer med båt til Bergen | | | | | | |
| Leirvik | 13:00 | 15:15 | 18:07* | 16:55 | 14:25 | 20:30* |
| Utbjoa | (14:25) | 15:35 | | | | |
| Ølen | 14.05 | | 18:50 | 17:55** | 15:05 | 21:32 |
| **Dersom reisande | | | | | | |

Passasjertal

Tabellen under viser passasjertal registrert av operatør for 2013 og 2014. Som tala viser har det vore ein nedgang i talet på reisande til/frå både Ølen og Utbjoa dei to siste åra. Det er Ølen som har hatt størst nedgang, men samla er det registrert reduksjon i talet på reisande til/frå Rogaland på vel 20 %. Ved oppstart av nytt anbod vart det estimert med eit noko høgare passasjertal enn det som har vist seg å stemme med faktiske registreringar.

| | 2013 | 2014 | Tal reisande endring 2013-14 | Prosentvis endring 2013-14 |
|--------|-------|-------|---------------------------------|-------------------------------|
| Ølen | 5 807 | 4 632 | 1 175 | -25,4 % |
| Utbjoa | 1 417 | 1 308 | 109 | -8,3 % |
| Totalt | 7 224 | 5 940 | 1 284 | -21,7% |

Totalt tal reisande til/frå Rogaland, kjelde manuelle teljingar Norled

Kostnader og inntekter

Nytt anbod for snøggbåtruter i rutepakke Sunnhordland starta 01.01.2014, med bruttokontrakt inngått med Norled som operatør. Tidlegare anbod var basert på nettokontrakt, der operatør hadde ansvar for inntektene. No har Skyss også ansvar for inntektene i tillegg til kostnadene.

I samband med nytt anbod vart det gjort eit estimat over kostnader og inntekter knytt til den fylkeskryssande ruteproduksjonen mot Ølen/Utbjoa. Intensjonen var å etablere ei langsigtig avtale om 50/50 deling av kostnadene med Rogaland fylkeskommune. Kostnadsestimatet og delinga ligg til grunn for budsjettet for 2015.

Kostnadene for rutene til Ølen/Utbjoa følgjer av tal produserte timer og pris pr time. Totalt tal timer for rutepakke1 Sunnhordland og Austevoll er på 10 802 (samla fire fartøy). Den fylkeskryssande ruteproduksjonen til Ølen/Utbjoa er berekna til 832 timer (i hovudsak fartøy III). Kostnadene for driftsåret 2014 for desse timane er rekna til om lag kr 5,8 mill kr.

Billettinntekter registrert for reisande til/frå Ølen/Utbjoa i 2014 utgjer om lag 0,9 mill kr, noko som gir netto driftskostnad på om lag 4,9 mill kr same år. Rogaland fylkeskommune vart i 2014 fakturert for 50% av estimerte netto driftskostnader. Tilsvarande deling av netto driftskostnader var forventa vidare utover i kontraktsperioden.

Fylkesrådmannen si vurdering

Vidareføring av rutetilbodet til Ølen/Utbjoa vil medføre eit underskott i 2015 i høve budsjett, som følgje av bortfall av tilskott frå Rogaland fylkeskommune. Lågt passasjergrunnlag med vesentleg nedgang siste år gir marginalt inntektpotensiale for ruta.

Rogaland sitt tilskott har lagt i botn for å sikre og oppretthalde dei fylkeskryssande snøggbårutene sidan 2003. Når dei no trekkjer seg ut, finn fylkesrådmannen ikkje grunnlag for å oppretthalde tilbodet til Ølen/Utbjoa. Heller ikkje ein reduksjon i dagens tilbod kan forsvarast økonomisk.

Den budsjettmessige konsekvensen for 2015 vil avhenge av tidspunkt for gjennomføring av ruteendringa, kontraktsmessige forpliktingar, og behovet for justeringar av rutetilbodet i aktuell rutepakke som følgje av endringa.

Tidspunkt for nedlegging av rutene vil vere avhengig av nødvendige avklaringar kring kontrakt med operatør. Omsynet til dei reisande må også takast med i vurderinga. Eit naturleg tidspunkt vil då vere ved oppstart av haustrutene i medio august.

Dersom rutene vert lagt ned i medio august, vil ein utan medfinansiering frå Rogaland fylkeskommune likevel truleg ha budsjettdekning for drifta i 2015.

Førebelse vurderinga syner at nedlegginga mest truleg vil få liten innverknad på det allereie etablerte rutetilbodet i regionen. Rutene til/frå Ølen og Utbjoa består ofte av ein kombinasjon med anløp av Fjellbergøy/Borgundøy og Skånevik. Det er ønskjeleg å søke å oppretthalde same tal turar for desse stoggestadane, men med moglege justeringar knytt til rutetider.

Administrasjonen vil vurdere konsekvensar i høve kontraktsmessige forpliktingar og behov for eventuelle tilpassingar av rutetilbodet.